

Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune 2013/2014



Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune

Rune Søyland

Oppdatering av naturtyper i delar av Rennesøy kommune 2013/2014

Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune

Ecofact rapport 420

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Søyland, R. 2015. Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune 2013/2014. Ecofact rapport 420. 33 s.
Nøkkelord:	Kystlynghei, naturbeitemark, beitemarkssopp
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-418-3
Oppdragsgiver:	Fylkesmannen i Rogaland og Rennesøy kommune
Prosjektleder hos Ecofact AS:	Rune Søyland
Prosjektmedarbeidere:	
Kvalitetssikret av:	Roy Mangersnes
Samarbeidspartner:	Erik Sten Larsen (Rennesøy kommune) og John Inge Johnsen (Fylkesmannen i Rogaland)
Forside:	Foto: Kystlynghei på Årabrot, Fjøløy

www.ecofact.no

Innhold

1 SAMANDRAG	2
2 LOKALITETSSKILDRINGAR	4

1 Samandrag

I samband med oppdatering av naturtypar i utvelde kulturlandskapsområde på Rennesøy i 2013, vart det gjort registreringar av naturtypar nokre andre stader i kommunen. Erik Sten Larsen frå Rennesøy kommune gjorde og registreringar i fleire lokalitetar i kommunen, både i tidlegare registrerte naturtypelokalitetar og i nye område. Desse registreringane vart i stor grad fokuserte på beitemarkssopp. I møte med John Inge Johnsen frå Fylkesmannen i Rogaland blei det digitalisert 44 område med funn av raudlista og sjeldsynte artar, eller som ut frå andre høve potensielt kunne kvalifisere for naturtypelokalitetar. Dette var basert på registreringar og lokalkunnskap som John Inge Johnsen har frå ei rekke lokalitetar på Rennesøy. 18 av desse lokalitetane er sjekka i felt av Rune Søyland og/eller Erik Sten Larsen, og er tekne med som nye naturtypelokalitetar, oppdaterte naturtypar eller ikkje blitt vurderte å kvalifisere til naturtypelokalitetar. Fire undersøkte område blei vurderte til å ikkje kvalifisere for naturtypelokalitetar, medan det innanfor andre enkeltområde blei skilt ut fleire naturtypar frå same lokalitet. Samla er det laga skildringar og avgrensingar for 24 nye og/eller endra naturtypelokalitetar utanfor dei utvelde kulturlandskapsområda. Av dei 44 områda John Inge Johnsen har relevante registreringar frå, er det framleis 26 område som bør undersøkast nærmare for sjå om dei kvalifiserer for naturtypar.

Registreringar av Rune Søyland blei gjort på 3 datoar i august 2013, 2 av desse dagane saman med Erik Sten Larsen. Erik Sten Larsen har elles gjort registreringar på fleire datoar både sumar og haust 2013. Grov digitalisering, skildring av lokalitetar og verdisetting blei gjort i møte med Erik Sten Larsen i februar 2014, og basert på informasjon frå hans registreringar, eigne registreringar og informasjon frå John Inge Johnsen, blei lokalitetane digitalisert ferdig og lokalitetsskildringar for det meste ferdigskrivne i februar 2014. Arbeidet er endeleg ferdigstilt i desember 2014 og januar 2015, der og siste registreringar i Artskart er tekne med i skildringane. Lokalitetar som er undersøkte av Erik Sten Larsen har ikkje lokalitetsbilde, og dette manglar og for ein av dei andre lokalitetane. Lokalitetsbilde kjem etter lokalitetsskildring i rapporten.

Arbeidet har gått delvis parallelt med oppdateringar av naturtypar i dei utvelde kulturlandskapsområda, men det er valt å lage ein eigen rapport for desse tilleggsregistreringane. Dei nye og endra lokalitetane er nummererte frå 43-67, både i rapport og shapefil. I Excelark med oversyn over 44 lokalitetar som bør sjekkast for å sjå om dei kvalifiserer for naturtypar, er dei undersøkte lokalitetane markerte spesielt. Saman med shapefil for desse 44 lokalitetane gir dette eit godt oversyn over potensielt viktige område som bør sjekkast nærmare med feltregistreringar. Fleire av dei registrerte område kunne med fordel vore nærmare undersøkte. Fleire lokalitetar er førebels verdisette som lokalt viktige, sidan det ikkje er kjent artar eller andre høve som tilseier større verdi. Nærare undersøkingar kan anten tilsei at lokalitetane får auka verdi, eller lokal verdi kan verte stadfesta. For nokre få lokalitetar kan det og tenkast at nærmare undersøkingar tilseier at dei ikkje bør vidareførast som naturtypelokalitetar – vurdert opp i mot andre naturtypar av same slag i ein større heilskap.

I tabell på neste side er det vist eit oversyn over lokalitetar som er registrerte, og korleis dei må handsamast i Naturbase. Det er laga ei shapefil for dei aktuelle lokalitetane.

Tabell 1. Oversyn over nye og endra lokalitetar som skal inn i Naturbase.

Id	BN-nummer	Lokalitetsnavn	Naturtype	Verdi	Handtering Naturbase
43	NY	Selsnes	Naturbeitemark	A	
44	BN00004827	Søre Reianes	Kystlynghei	C	Ny tekst og polygon
45	NY	Nordre Reianes	Kystlynghei	C	
46	BN00004825	Byrefjell – Knaberfjell - Klostereneset	Naturbeitemark	A	Ny tekst og polygon
47	NY	Klostervågen aust	Naturbeitemark	B	
48	BN00004818	Haraldshaugen	Kystlynghei	C	Ny tekst og polygon
49	NY	Haraldshaugen midt	Naturbeitemark	B	
50	NY	Bruhalsen	Naturbeitemark	B	
51	BN00004817	Sletthei/Bruhalsen	Kystlynghei	C	Ny tekst og polygon
52	BN00004842	Askje*	Naturbeitemark	C	Ny tekst, uendra polygon (NB!)
53	NY	Grønhaug	Naturbeitemark	C	
54	NY	Øvre Hanasand	Kystlynghei	C	
55	BN00004821	Sandvika-Stegafjell	Kystlynghei	B	Ny tekst og nytt polygon
56	NY	Askjesundet sør	Strandeng og strandsump	C	
57	NY	Golhaugskjera	Rikt strandberg	B	
58	NY	Indre Golhaugsskjer	Rikt strandberg	B	
59	NY	Rossholmen	Kystlynghei	B	
60	NY	Vestre Åmøy søraust	Naturbeitemark	C	
61	NY	Vestre Åmøy; Skaraberg aust	Naturbeitemark	C	
62	NY	Hodnefjellsvisa vest	Naturbeitemark	C	
63	NY	Taravika aust**	Tangvoll	B	
64	BN00004826	Taravika	Sandstrand	C	Ny tekst og polygon
65	NY	Fjøløy; Årabrot	Kystlynghei	C	
66	NY	Fjøløy; Ørnaberget	Kystlynghei	B	
67	NY	Fjøløy; Fjøløyvarden	Naturbeitemark	A	

*Einaste lokalitet som ikkje ligg i shapefila, sidan polygon er uendra

**Lokaliteten består av fleire ulike naturtypar som ideelt sett burde vore nærmare undersøkte og oppdelte

2 Lokalitetsskildringar

Nr. 43 Selsnes

Id: NY

Områdenavn: Selsnes

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: A

Utveld naturtype:

Areal: 79,8 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Feltarbeid av Erik Sten Larsen 28.10.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging. Lokaliteten vart første gong registrert som kystlynghei 01.07.1999. Området inngjekk tidlegare i ei større kystlynghei, men er skild ut som eigen lokalitet sidan hovudnaturtypen er naturbeitemark. Avgrensing og lokalitetsskildring er endra av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Naturbeitemarksområde heilt sør på Reianes, sørvest for Låder kai. Lokaliteten er i vest avgrensa mot naturtypen kystlynghei og rikt strandberg og i nord meir utslekt av gjødselpåverka område langs med traktorveg. Avgrensinga følgjer og steingard i vest og gjerde i aust. Avgrensinga er basert på feltarbeid og vurderast i hovudsak som sær god. Mot sjøen er område som ser ut til å vere dominert av rullesteinstrand utelatne frå avgrensinga, basert på ortofoto. Berggrunnen består i følgje NGU av *Amfibolitt, fin- til middelskorvet, stedvis granatførende, stedvis metabasalt, stedvis metagabbro, stedvis med kvartsittlag (omdannet kiselstein?) og soner av kvarts-feltspatrike gneiser* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseansk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Lokaliteten ligg i ei gryte som er eksponert mot søraust.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området er skild ut som naturbeitemark sidan det i hovudsak er grasdominert beitemark med få kystlyngheiartar. Feltarbeidet vart utført noko seint i høve til karplanter, så det er noko uvisse kring utforming og vegetasjonstype. Det vart registrert ei rekke artar av beitemarkssopp som først og fremst finst i ugjødsela beitemark.

Artsmangfald: Av raudlista artar vart det funne raud honningvokssopp VU, og det er tidlegare registrert bustsevaks EN (*Isolepis setacea*). Fleire andre beitemarkssoppar med indikatorverdi vart funne: skarlagenvokssopp, grå vokssopp og honningvokssopp. Det vart elles registrert engvokssopp, mørkevokssopp, papegøyevokssopp, gul vokssopp, skjør vokssopp, krittvokssopp og seig vokssopp. **Vasskryp VU er funnen i ein dam nordvest for lokaliteten, og kanskje og innanfor lokalitetsavgrensinga.**

Framande artar: Ikkje nærmere undersøkt

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita med sau. Langs med traktorvegen i nord er det delvis oppgjødsela, medan søndre del i liten grad er påverka av gjødsling. Det er nokre spredte einarar i brattare deler, men vegetasjonen er generelt i god hevd. Utanom traktorveg er det ingen større inngrep. Steingard langs med lokaliteten er i god stand. Det er automatisk freda kulturminne i lokaliteten, i form av gravfelt og busetningslokalitet.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at det ikkje blir gjødsla ut over dei areala som allereie er blitt direkte gjødsla. Beiteflykket bør oppretthaldast. Det bør ikkje tilleggsforast i lokaliteten. Inngrep må unngåast.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten er open og ein har vidt utsyn over sjøen sørover herifrå. Det er i tillegg innslag av andre naturtypar i nærområdet.

Verdigrunngjeving: Området er berre undersøkt for beitemarkssopp ein gong, men det vart funne fleire artar med høg indikatorverdi. Karplantefloraen er heller ikkje godt undersøkt. Ut frå funn av ein sterkt truga art og ein sårbar art, i kombinasjon med at lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap, er det gitt verdi særskilt viktig. Lokaliteten bør undersøkjast nærmare for å stadfeste verdien.

Nr. 44 Søre Reianes

Id: BN00004827

Områdenavn: Søre Reianes

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: C

Utveld naturtype:

Areal: 120,2 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Erik Sten Larsen 28.10.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i oktober 2013 samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy kommune. Lokaliteten vart fyrste gong registrert som kystlynghei 01.07.1999. Avgrensinga av lokaliteten er avgrensa til eit mindre område i 2013, sidan deler i sør er skild ut som eigen naturbeitemarkslokalitet, medan dei tilgrensande områda i nord og aust til dels er blitt oppgjødslaa. Avgrensing og lokalitetsskildring er endra av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Teksten i lokalitetsskildringa er berre i noko grad endra i høve til 1999. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Kystlyngheiområde sørvest på Reianes. Lokalitetsgrensa mot vest er uforandra og følgjer grensa til annan lokalitet som er registrert som rikt strandberg. Avgrensinga elles følgjer grense mot naturbeitemark i søraust, og mot meir gjødselpåverka område i nord og nordaust. Avgrensinga er basert på feltarbeid og vert rekna som god. Berggrunnen består i følgje NGU av *Amfibolitt, fin- til middelskornet, stedvis granatførende, stedvis metabasalt, stedvis metagabbro, stedvis med kvartsittlag (omdannet kiselstein?) og soner av kvarts-feltpatrike gneiser* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseansk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Fin kystlynghei med røsslyng, krekling og klokkeling. Låg utforming med innslag av urter. Rikelig med kattefot, tiriltunge, kystmyrklegg og hårsvæve.

Artsmangfold: Det er ikkje registrert sjeldne artar her. **Vasskryp VU** er registrert i nærområdet.

Framande artar: Ingen artar er registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Lingeia er i ein tidleg utviklingsfase. Det er ikkje mange stader ein finn slike unge lingeier i dag. De fleste er gått ut av drift for fleire tiår sidan, og derfor er dei langt på veg attgrodde med gammal, grov og høg linge og få andre artar. Her vert det enno beita, og det er årsaken til at det inngår fleire urter enn vanleg.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beiting med tilpassa beitepress er viktig. Det bør ikkje gjødslast gjerast inngrep eller tilleggsforast på arealet.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten er open og ein har vidt utsyn over sjøen sørover herifrå. Det er i tillegg innslag av andre naturtypar i nærområdet.

Verdigrunngjeving: Lokaliteten var opphavelig verdisett slik: «*Området er tatt med i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland. Er gitt verdien B fordi det inngår i Nasjonal registreing av verdifulle kulturlandskap. Isolert sett kunne området fått verdien C.*» Lokaliteten bør undersøkjast nærmere i vekstsesongen for endeleg verdivurdering, men er førebels sett til lokalt viktig.

Nr. 45 Nordre Reianes

Id: NY

Områdenavn: Nordre Reianes

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: C

Utveld naturtype:

Areal: 176 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten inngjekk tidlegare i ein større kystlyngheilokalitet (BN00004827), men er i samband med oppdatering av naturtypekartlegging blitt skild ut som ein mindre lokalitet med uviss status. Området er ikkje blitt undersøkt med feltregistreringar i 2013, og området bør undersøkjast nærmere for avgrensing og verdivurdering. Avgrensing og lokalitetsskildring er noko endra av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Område nord på Reianes som truleg er kystlynghei. Lokaliteten er satt att frå gammal avgrensing, ut frå at område som tidlegare inngjekk i området sør for lokaliteten er undersøkte og i stor grad vurdert å vere gjødselpåverka. Avgrensinga er delvis basert på feltregistreringar av Erik Sten Larsen sør for området i oktober 2013, og delvis på ortofoto. Avgrensinga er noko usikkert. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området har truleg kystlyngheivegetasjon, men lyt undersøkjast nærmere i feltsesongen.

Artsmangfold: Prikkstorr NT ser ut til å vere registrert i lokaliteten (Artskart, John Inge Johnsen, 1992).

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Uvisst

Skjøtsel og omsyn: Anbefalingar må avventast til lokaliteten er nærmere undersøkt.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Tilstanden på lokaliteten er noko uviss, og området er førebels teken med som ei lokalt viktig kystlynghei.

Nr. 46 Byrefjell – Knaberfjell - Klosterneset

Id: BN00004825

Områdenavn: Byrefjell – Knaberfjell - Klostereneset

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Utforming

Verdi: A**Utvald naturtype:****Areal:** 259,3 daa**Undersøkt/kjelder:** Lundberg 2012. Registreringar i Artskart. Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistreringar av Erik Sten Larsen oktober 2013.**Områdeskildring**

Innleining: Lokaliteten vart fyrste gong registrert 01.07.1999. Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging i Rennesøy kommune i 2013. Lokaliteten er utvida noko i søndre del etter undersøkingar i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Avgrensinga er og noko endra i austre og vestre del, for å ta vekk område som er sterkt gjødselpåverka. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar vestre del av Klosterøy, inkludert toppane Byrefjellet (67 moh) og Kneberfjellet (75 moh). Avgrensinga er i 2014 endra noko ut frå feltarbeid og bruk av ortofoto. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består i følgje NGU av *Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Området har varierte eksposisjon rundt toppane.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturbeitemark er sett som hovudnaturtype, men det er og innslag av havstrandvegetasjon, kystlynghei og sørsida av fjella er det sørvendt berg og rasmark. Deler av beitemarka er fuktig eng. Området er ikkje godt nok undersøkt til å gi nærmare fordeling av naturtypar og utformingar.

Artsmangfald: Interessante arter på sørsida av Byrefjell og Kneberfjell: ekornsvingel CR (rikelig), saman med musekløver, raudsvingel, smalkjempe, gulaks, kamgras, kystmaure, knegras, kystbergknapp, hårsveve, kystgrisøyre og dvergsmyle. På grunn av dei store førekostane av ekornsvingel er disse beitemarkene/rasmarkene unike i Norge. Vasskryp VU er tidlegare funne her (pers.medd. John Inge Johnsen). Russelærersopp NT vart funnen rikelig i søndre del i oktober 2013, saman med sopparten *Mycena adonis*. Lavartane *Trapeliopsis wallrothii* VU og smårosettlav *Hyperphyscia adglutinata* VU er funne i området (Artskart). Mjuk sisselrot NT er og funnen her tidlegare (Artskart).

Framande artar: Ikkje nærmare undersøkt. I nordaust grensar lokaliteten til plantefelt av sitkagran.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita med storfe og sau. Det er uvisst om beitepresset er godt tilpassa til området. Delar av området ser ut til å vere delvis attgrodde med einer. Det er fleire parti som er kraftig gjødselpåverka.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite er viktig. Gjødsling må avgrensast slik at ein ikkje påverkar område som ikkje er gjødselpåverka allereie. Ein bør unngå inngrep og tilleggsforing.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap med kulturhistoriske verdiar.

Verdigrunngjeving: Raudlistearten ekornsvingel CR er funnen talrikt her, og det er funnen fleire raudlista artar som støttar høg verdisetjing. Området er delvis gjødselpåverka, og noko av vegetasjonen har därleg hevd. Funn av raudlistarter gjer at verdien likevel bør vere særskilt viktig.

Nr. 47 Klostervågen aust**Id:** NY**Områdenavn:** Klostervågen aust**Kommune:** Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: B

Utvad naturtype:

Areal: 10,5 daa

Undersøkt/kjelder: Feltregistreringar av Erik Sten Larsen hausten 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i desember 2014 basert på registreringer frå Erik Sten Larsen. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Kloservågen, og er eit smalt belte med beitemark mellom vågen og vegen. Avgrensinga er gjort over ortofoto og vert rekna som særskilt godt. Berggrunnen består av *Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild undersekjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det er ingen opplysningar ut over funn av fleire beitemarksopp, kor fleire av artane er raudlista. Ut over dei raudlista soppartane vart det også funne engvokssopp, skarlagensvokssopp, honningvokssopp og krittvokssopp.

Artsmangfald: Raud honningvokssopp VU, lutvokssopp NT og russelærvokssopp NT vart funne av raudlista beitemarksoppar.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite er viktig, utan gjødsling eller tilleggforing. Nærare undersøkingar lyt gjerast for å vurdere beitetrykk og andre høve.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Funn av tre raudlista artar beitemarksopp ved eit besøk tilseier at området kan ha potensial for fleire sjeldne arter. Området kan vere ein mogleg A-lokalitet, men dette er noko uvisst. Førebels er området sett til viktig.

Nr. 48 Haraldshaugen

Id: BN00004818

Områdenavn: Haraldshaugen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: C

Utvad naturtype:

Areal: 82,4 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Johnsen og Jordal ? Feltregistrering av Erik Sten Larsen 30.10.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Området vart fyrste gong registrert 01.07.1999. Lokaliteten er så vidt undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokaletsavgrensinga er endra i februar 2014, sidan ein del er blitt skild ut som eigen naturtype av naturbeitemark. Lokalitetsskildringa er i liten grad endra og lokaliteten lyt

undersøkjast nærmere for endleg vurdering. Skildra av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Haraldshaugen på nordsida av Askjesundet. Opphavleg avgrensing er oppretthaldden med unntak av naturbeitemarksareal som er teke ut som eigen lokalitet. Avgrensinga er truleg god. Berggrunnen i området består av *Glimmergneis med sedimentære strukturer, stedvis med rester av andalusitt og kyanitt, stedvis sillimanittknolleneis og Glimmergneis, stedvis granat- og staurolittførende, med enkelte soner av amfibolitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksposisjonen er vestleg.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Opphavleg skildring: «*Uvanlig fin utforming av rullesteinsstrand i ulike alderstrinn, fra recente utgaver i dagens strandlinje til fossile voller på høyere nivå. Vegetasjonen på de unge steinstrendene er representativ (typisk) for naturtypen: krushøy mole, klengemaure, strandrug, strandkvern, strandkjeks og hestehavre. I fuktige partier finnes fjærer saltgras, tiggersoleie, saftstjerneblom og saltbendel. Sandstarr vokser i små sandlommer. De høyeste delene av neset er dominert av lynghei.*» Nærare undersøkingar er naudsynte for å skilje kystlynghei og havstrandsvegetasjon.

Artsmangfold: Ingen registreringar i Artskart

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Lyngheia er i stor grad i attgrodd tilstand, og det er gjødselpåverknad som gjer at ein lyt undersøkje lokaliteten nærmere for avgrensing og vurdering.

Skjøtsel og omsyn: Restaurering er truleg naudsynt for å oppretthalde verdien av kystlyngheivegetasjonen, eller for å auke verdien. Nærare undersøkingar er naudsynte for å gi gode anbefalingar av skjøtsel.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Førebels registrert som lokalt viktig.

Nr. 49 Haraldshaugen midt

Id: NY

Områdenavn: Haraldshaugen midt

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 34,4 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007.? Feltregistrering av Erik Sten Larsen 30.10.2013.

Områdeskildring

Innleining: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Området er skilt ut som eigen lokalitet sidan vegetasjonen i hovudsak er naturbeitemark. Lokalitetsskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Haraldshaugen på nordsida av Askjesundet. Lokaliteten er teken ut som ein ny lokalitet med naturbeitemark sidan denne skiljer seg frå omkransande kystlynghei. Berggrunnen i området består av *Glimmergneis med sedimentære strukturer, stedvis med rester av andalusitt og kyanitt, stedvis sillimanittknolleneis og Glimmergneis, stedvis granat- og staurolittførende, med enkelte*

soner av amfibolitt (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksplosjonen er vestleg. *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturbeitemark og noko havstrandvegetasjon? Omtalt som fint utvikla beitemarksvegetasjon av Larsen.

Artsmangfald: Av raudlista artar vart russelærvokssopp NT funnen talrikt. Av andre artar med indikatorverdi vart skarlagensvokssopp og kjeglevokssopp funne. Elles vart det påvist mørkevokssopp, engvokssopp, papegøyevokssopp, gul vokssopp og seig vokssopp. Det vart også funne jordtunger som ikkje vart bestemte til art.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av storfe. Noko gjødselpåverknad. Truleg i god hevd med tanke på attgroing.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i storfebeite utan gjødselbruk er viktig. Det er viktig å tilpasse beitetrykket, og å unngå tilleggsforing på arealet.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er førebels sett til verdi viktig, ut frå funn av ein raudlisteart og fleire habitatspesialistar for lite eller uggjødsla naturbeitemark. Det lyt gjerast nærmere undersøkingar for å stadfeste verdien.

Nr. 50 Bruhalsen

Id: NY

Områdenavn: Bruhalsen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 125,6 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007? Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Erik Sten Larsen 29.10.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Området er skilt ut som eigen lokalitet med naturbeitemark sidan dette er dominerande naturtype. Ytste del av Bruhalsen nord for sjølve «halsen» vart ikkje undersøkt nærmare på synfaringa i 2013. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjer nordvestre del av Bru. Avgrensinga er basert på feltarbeid og vert rekna som god. Berggrunnen består av *Glimmerskifer, kvartsglimmerskifer og fyllitt med kvartslinser, stedvis granatførende* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er skild ut frå eit større område som ligg inne som kystlynghei, sidan området i hovudsak har naturbeitemarksvegetasjon. På ytste del av halvøya er det truleg ein del strandberg, men vegetasjonen er ikkje nærmere undersøkt her. Skildra av Larsen som velutvikla naturbeitemarksvegetasjon med lite einer.

Artsmangfald: Av raudlista artar vart det gjort mange funn av russelærvokssopp NT. Av gode indikatorartar vart det elles funne grå vokssopp og skarlangensvokssopp. Andre artar av beitemarksopp som vart påviste var krittvokssopp, engvokssopp, mørkevokssopp, gul vokssopp, skjør vokssopp, papegøyevokssopp og seig vokssopp.

Framande artar: Uvisst.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau. Vegetasjonen er fint halden i hevd, og det er liten attgroing av einer.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite utan gjødselbruk er viktig. Det er viktig med ekstensivt, tilpassa beitetrykk og beitebruk utan tilleggsfording.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Ut frå at vegetasjonen er skildra å vere i god hevd, saman med funn av ein raudlisteart og fleire habitatsspesialistar av beitemarkssopp, er det gitt verdi viktig. Nærare undersøkingar av karplanter og tilstand kan vere eit føremon for å stadfeste verdien.

Nr. 51 Sletthei/Bruhalsen

Id: BN00004817

Områdenavn: Sletthei/Bruhalsen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Utforming

Verdi: C

Utvaled naturtype:

Areal: 255,8 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007.? Feltregistrering av Erik Sten Larsen 29.10.2013.

Områdeskildring

Innleiring: Lokaliteten vart fyrste gong registrert 01.07.1999. Lokaliteten er delvis undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Nordvestre del av lokaliteten er skild ut som eigen naturtype av typen naturbeitemark. Avgrensinga elles er endra noko for å ta ut klart gjødselpåverka område, men lokaliteten lyt undersøkjast nærmere for å avklare avgrensing, type og verdi. Mellombels skildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordvestre del av Bru. Avgrensinga er basert på feltarbeid og vert rekna som god. Tydeleg gjødselpåverka felt er tekne ut av opphavleg avgrensing, i tillegg til at vestre del er skild ut som naturbeitemark. Berggrunnen består av *Glimmerskifer*, *kvartsglimmerskifer* og *fyllitt med kvartslinser*, stedvis *granatførende* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild undersekksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området er dominert av beita, fattig kystlynghei i fin utforming. Deler av området er brent for få år sidan. Eineren er død, mens røsslyng opptrer i en ung og vital aldersfase. I strandsonen er strandberg den vanlegaste typen. Det finnes også små steinstrender med lite vegetasjon.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) er registrert i området. Det er elles svært få opplysningar om artar i området. Laven *Protoblastenia rupestris* er funnen her i 2006 (Artskart, John Inge Johnsen).

Framande artar: Uvisst.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite utan gjødselbruk vil vere viktig.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Området er teke med som ein lokalt viktig lokalitet, men det lyt gjerast nærmere undersøkingar av lokaliteten, både for å avklare verdi og for å gje betre anbefalingar i høve til skjøtsel.

Nr. 52 Askje

Id: BN00004842

Områdenavn: Askje

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 201,5 daa

Undersøkt/kjelder: Feltregistrering av Erik Sten Larsen hausten 2013.

Områdeskildring

Innleining: Lokaliteten vart fyrste gong registrert 01.07.1999. Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildringa er endra noko av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014, men avgrensinga er uendra. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Område med til dels attgrodd naturbeitemark som ligg ned mot sjøen på Askje. Avgrensinga er ikkje endra i høve til opphavleg avgrensing, og denne er noko uviss. Berggrunnen består av *Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Området har ein sørleg og søraustleg eksposisjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området ligg registrert som naturbeitemark, men det er lite opplysningar om artar og vegetasjonstypar. Opphavleg skildra som *fattigare type av storfebeite*. Slik avgrensinga ligg er det truleg noko havstrandvegetasjon i delar av området, og svartorskog er og omtala. Frå opphavleg skildring: *Rosekratt, bjørnebær og sumpmaure. Lita myr med pors og torvmyrull. Svartorskog i sør.*

Artsmangfald: Det er ingen registreringar i Artskart frå området, og elles få opplysingar om artar her.

Framande artar: Uvisst.

Bruk, tilstand og påverknad: Frå opphavleg skildring: *Mindre beita enn lenger nord. Området vert ikkje lenger beita, og er kraftig prega av attgroing med einer og bjørk.* Ved undersøking i 2013 vart lokaliteten skildra å vere kraftig påverka av attgroing med einer og bjørk.

Skjøtsel og omsyn: Restaurering vil vere naudsynt for å oppretthalde lokaliteten som naturbeitemark. Særleg delar med svartorskog lyt undersøkjast nærmare for å sjå om det finst verdiar knytte til skog eller beita skog som ikkje bør ryddast og attførast til beite.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunnngjeving: Området er under tvil teke med vidare som eit lokalt viktig område, men restaureringstiltak er naudsynt om arealet skal oppretthalde verdi som naturbeitemark.

Nr. 53 Grønhaug

Id: NY

Områdenavn: Grønhaug

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 70,4 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007.? Registreringar i Artskart. Feltarbeid av Erik Sten Larsen sommaren 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Området er ikke undersøkt nærmere for beitemarkssopp, og er gitt ei førebels avgrensning og vurdering ut frå karplantevegetasjon. Områdeskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Storfebeite sør for Østhusvik og aust for Heggland på Rennesøy. Lokaliteten grenser i nord mot bustadsområde, mot aust delvis mot rik edellauvskog og sjøen, i sør mot rik sump- og kjeldeskog og elles mot meir gjødselprega område. Avgrensinga er basert på feltarbeid av Erik Sten Larsen, og avgrensinga vert rekna som svært god. Berggrunnen består i følgje NGU av *Kvarts-feltpatrik gneis, stedvis båndet, for det meste granodiorittisk til tonallittisk og diorittisk, i vekselbenkning med, og som ganger, i amfibolitt, glimmergneis og kvartsitt*. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området er skildra som godt utvikla beitemarksvegetasjon av Larsen. Av artar vart hårvæve, kystgriseøyre, kusymre, blåklokke, blåknapp og gulaks noterte.

Artsmangfald: Av raudlisteartar er eikelav NT funnen heilt sør i området (Artkart, Kim Abel, 2013). Området bør undersøkjast for beitemarkssoppar på hausten.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av storfe. Det er noko gjødselpåverknad i vestre del, medan austre del ser ut til å ikke vere gjødsela.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beitebruken utan gjødsling er viktig for å oppretthalde området som naturbeitemark. Nærare undersøkingar av arts mangfald bør gjerast før endelige anbefalingar gis.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er førebels teken med som lokalt viktig, men det lyt gjerast nærmere undersøkingar særleg av beitemarksopp for endeleg verdivurdering.

Nr. 54 Øvre Hanasand

Id: NY

Områdenavn: Øvre Hanasand

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Fuktig lynghei D0703

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 132,2 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007.? Feltregistrering av Erik Sten Larsen hausten 2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Område med fuktig lynghei på Hanasand på Rennesøy. Lokaliteten ligger nord for Hanasandveien, mellom Rennaren og Mjølhida. Avgrensinga er

basert på feltregistrering av Erik Sten Larsen, kombinert med bruk av ortfoto, og avgrensinga vert rekna som svært god. Berggrunnen består i følgje NGU av *Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger*. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Området har ein nordaustleg eksposisjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området har kystlynghei i artsattig, fuktig utforming. Dominerande artar er røsslyng, klokkeling, einer, finnskjegg, blåtapp og blokkeber. Truleg inngår det og havstrandvegetasjon i sona ned mot sjøen, men dette er ikkje nærmere undersøkt.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne sjeldne artar under feltregistreringa. Vanlege artar av beitemarksopp vart funne; seig vokssopp, skjør vokssopp, mønjevokssopp og papegøyevokssopp.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau, men beitetrykket er lågt. Det er ikkje opplysingar om attgroingshøve.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beiting utan gjødsling er viktig for å oppretthalde lokaliteten. Truleg er beitetrykket for lågt. Nærare undersøkingar er aktuelt for å vurdere skjøtselen.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er teken med som lokalt viktig. Det er ikkje funne artar som tilseier høgare verdi, og utforminga av kystlyngheivegetasjonen tilseier heller ikkje spesielt høg verdi. Ytterlegare artsregistreringar eller vesentleg betring av hevdtilstanden kan auke verdien.

Nr. 55 Sandvika-Stegafjell

Id: BN00004821

Områdenavn: Sandvika-Stegafjell

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Tørr utforming D0701, Purpurlyngutforming?

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 606,8 daa

Undersøkt/kjelder: John Inge Johnsen og John Bjarne Jordal 2007.? Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Erik Sten Larsen 04.11.2013 og 27.11.2013.

Områdeskildring

Innleining: Lokaliteten vart første gong registrert 01.07.1999. Midtre og søre deler av opphavleg lokalitet vart undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Et område sør for opphavleg avgrensing vart og undersøkt og er no teke med i ny avgrensing. Lokalitetsskildring av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i februar 2014. Verdisetting og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Område med kystlynghei på Mosterøy på Rennesøy, i området rundt Mastravarden og Stegafjellet. Nordre del av lokaliteten er ikkje undersøkt, og her er opphavleg avgrensing oppretthaldden. Eit større område som er prega av gjødsling er teke ut sørvest for Mastravarden. Ny del i sør er avgrensa mot tydeleg gjødselpåverka område. Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består i følgje NGU av *Glimmergneis, stedvis granat- og staurolittførende, med enkelte soner av amfibolitt*. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksposisjonen er variert, med mykje vestleg og noko sørleg eksposisjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Opphavleg skildring var slik: *Vegetasjonen er sammensatt av arter som er typiske for velutviklet kystlynghei: røsslyng, einer, klokkelyng, krekling, purpurlyng, bjønnkam, lusegras og mjuk kråkefot. Deler av lyngheia er nylig brent og derfor er einerbuskene døde, mens einstape er blitt tallrik.* I utvida del i sør er det velutvikla tørr lynghei med ein del purpurlyng i hellande parti, der i alle fall delar kjem inn under tørrhei av purpurlyngutforming.

Artsmangfald: Purpurlyng er raudlista som nær trua.

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: I den utvida delen i sør vert det i vestre del beita av sau, og i austre del av storfe. Ved opphavleg skildring i 1999 var det nyleg brent i deler av området, så truleg er store deler i god hevd.

Skjøtsel og omsyn: Vidareføring av beiting utan gjødsling er viktig for å oppretthalde lokaliteten. Lyngbrenning kan vere naudsynt for å fornye vegetasjonen eller som hjelpemiddel til restaurering i attgrodde delar. Tilleggforing bør unngåast.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Større område med kystlynghei der område med tørrhei og purpurlyng truleg kvalifiserar for verdi viktig. Område i nord er ikkje undersøkt i 2013, og her bør det gjerast nærmere undersøkingar.

Nr. 56 Askjesundet sør

Id: NY

Områdenavn: Askjesundet sør

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Havstrand

Naturtype: Strandeng og strandsump G05

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 4,5 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Registreringar i Artskart. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging og oppfylging av skjøtselsansvarlige for utvelde kulturlandskapsområde på Rennesøy. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetting og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Mindre parti med strandengkompleks som ligg på Sokn på Rennesøy, aust for bomstasjonen ved E39, like ved Askjesundbrua. Lokalitetten vart avgrensa ved hjelp av GPS, og avgrensinga vert rekna som svært god. I aust og vest er grensa sett der det går over i eit tilnærma vegetasjonslaustr, smalt belte med rullesteinsteinstrand og vegkantvegetasjon. Mot sør er grensa sett mot nitrofil vegkantvegetasjon dominert av geitrams og stornesle. Lausmassedekkjet er skildra slik av NGU: *Marine strandvaskede sedimentter med mektighet større enn 0,5 m, dannet av bølge- og strømaktivitet i strandsonen, stedvis som strandvoller. Materialet er ofte rundet og godt sortert. Kornstørrelsen varierer fra sand til blokk, men sand og grus er vanligst. Strandavsetninger ligger som et forholdsvis tynt dekke over berggrunn eller andre sedimentter.* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Ytst er det eit belte med vegetasjonslaus rullesteinstrand, medan eit smalt belte har ei rekke artar knytt til vegetasjonstypane Øvre salteng (U5) og delvis Salin og brakk forstrand/panne (U3). Sistnevnde i mindre parti og ikkje

tydeleg definert. Saltsiv dominerer i enkelte parti, og tilseier vegetasjonstypen Øvre salteng av saltsiv-utforming (U5a). Det er innslag av mange artar frå ulike vegetasjonstypar.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne raudlista artar, men lokaliteten er den einaste kjende veksestaden for strandvortemjølk i kommunen. Denne vart ikkje funnen i august 2013, men vart funnen i mai 2014 (Artkart, Erik Sten Larsen). Arten er tidlegare funnen har av John Inge Johnsen. Strandrug, vendelrot, hestehavre, strandkvann og høymol er blant dei høgare artane, medan meir typiske strandengartar er strandbalderbrå, gåsemure, strandkjempe, strandkryp, strandnellik, krypkvein, strandstjerne, raudsvingel, havbendel, saltsiv og strandmelde.

Framande artar: Platanlønn veks fåtalig og krypstrand vindel vart registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten vert ikkje skjøtta ved slått eller beiting, og området grensar til felt med nitrofil vegkantvegetasjon.

Skjøtsel og omsyn: Beiting eller slått er neppe realistisk i det avgrensa området, men tiltak mot framande artar er ønskjeleg.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er ganske liten, og vert ikkje halden i hevd på noko vis. Det er vurdert at lokaliteten ikkje heilt tilfredsstiller kriteria til viktig, men han bør takast med som lokalt viktig, blant anna ut frå førekommst av ein lokalt sjeldan art.



Nr. 57 Golhaugskjera

Id: NY

Områdenavn: Golhaugskjera

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Havstrand

Naturtype: Rikt strandberg G09

Utforming: Fuglepåverka strandberg G0903

Verdi: B

Utvold naturtype:

Areal: 2,2 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiring: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar holmen Golhaugsskjera som ligg like aust av Askjesundbrua på Rennesøy. Avgrensinga er gjort over ortofoto og vert rekna som særsgod. Berggrunnen består i følgje NGU av granitt og glimmergneis (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild undersekjon (Bn-O3t). Området er ein viktig hekkestad for terner (pers.medd. John Inge Johnsen). I juni 2014 vart det registrert 50 terner her (Artskart, Erik Sten Larsen).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Holmen har store parti som er gradominerte og med innslag av fleire artar som tilseier vegetasjonstypen Fuglegjødsla kystvegetasjon X2, av Gras/urt-utforming X2b. Engsyre, englodnegras, åkerdylle, høymol og ugrasløvetann er mengdeartar som kan tilseie ei viss gjødsling, medan artar som fjørekoll, skjørbuksurt, strandkvann, strandbalderbrå, smalkjempe, rapp sp, og kystbergknapp passar godt inn i vegetasjonstypen. Holmen bør og registrerast som viltlokalitet.

Artsmangfold: Det vart ikkje registrert sjeldne artar. Eit mindre fuktdrag på holmen har mellom anna fjøresivaks, og hestehavre, knoppsmåarve, sylsmåarve, strandkjempe, smørbukk, kystgriseøyre og strandrug kan nevnast av andre artar. Lavfloraen vart ikkje spesielt undersøkt.

Framande artar: Det vart ikkje registrert framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Vegetasjonen er open utan oppslag av tre eller buskar. Det er mogleg at holmen har vorte nytta til sommarbeite eller slått tidlegare, men dette er uvisst. Det er ingen synlege inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje urørt utan inngrep. Dersom holmen på sikt vert truga av attgroing kan kortvarig, periodevis beiting vurderast, om dette er mogleg utanom hekketida. Det må elles takast omsyn til hekkande sjøfuglar.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Det vart ikkje funne sjeldne artar, men som eit rikt strandberg som ikkje er truga av attgroing er det likevel gitt verdi viktig.

**Nr. 58 Indre Golhaugsskjer****Id:** NY**Områdenavn:** Indre Golhaugsskjer**Kommune:** Rennesøy**Hovednaturtype:** Kulturlandskap**Naturtype:** Rikt strandberg G09**Utforming:** Vestleg og nordleg ?? G0902**Verdi:** B**Utvald naturtype:****Areal:** 1,7 daa**Undersøkt/kjelder:** Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013.**Områdeskildring**

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Ei lita halvøy rett sør for Askjesundbrua på Rennesøy. Feltregistreringa vart gjort med GPS, og avgrensinga er gjort over ortofoto. Avgrensinga vert rekna som særskilt godt. Avgrensinga er i vest gjort mot vekkantvegetasjon i vegfylling. Berggrunnen består i følgje NGU av *Kwarts-feltpatrik gneis, stedvis båndet, for det meste granodiorittisk til tonalittisk og diorittisk, i vekslebenkning med, og som ganger, i amfibolitt, glimmergneis og kvartsitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonstypen er rikt strandberg, med innslag av strandengvegetasjon. Av strandengvegetasjon er det blant anna gåsemure og skjoldbærar. Strandbergvegetasjonen har mellom anna smalkjempe, følblom, fjørekoll, kystgriseøyre, strandstjerne, strandsmelle, kystbergknapp, raggetelg, sylsmåarve, strandkryp, vendelrot, tiriltunge og krypkvein. Krypsilkemose og hestehavre er artar som kan indikere noko rikare berggrunn. Det er spreidde småtre av rogn, og nokre nypebuskar.

Artsmangfald: Papirhinnelav VU er tidlegare registrert her (pers.medd. John Inge Johnsen). Lavartar vart ikkje undersøkte i august 2013.

Framande artar: Det vart ikkje registrert framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er noko oppslag av rogn, og området er tilrettelagt ved at det er bru ned frå gangveg som går langs fjorden. Sjølv om det er tilrettelagt med bru og port ned til lokaliteten er det lite spor etter inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Oppslag av rognetre bør fjernast manuelt. Inngrep bør unngåast.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokalitet med funn av ein raudlista lavart, og mindre vanlege artar som skjoldberar og sylsmåarve, tilseier ein viss artsrikdom og verdi viktig.



Nr. 59 Rossholmen

Id: NY

Områdenavn: Rossholmen

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Tørr lynghei D0701 og Fuktig lynghei D0703

Verdi: B

Utveld naturtype:

Areal: 145 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Feltarbeid av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013. Mosar bestemd av Leif Appelgren.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Vestre halvdel av holmen vart undersøkt ved feltregistreringa. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar heile Rossholmen, som ligg litt aust for Askje på Rennesøy. Feltregistrering vart utført med GPS, men lokaliteten er avgrensa over ortofoto sidan han omfattar heile holmen. Avgrensinga vert rekna som særslig godt. Berggrunnen ser ut frå NGU sitt berggrunnskart ut til å vere variert, med *Kvarts-feltspatisk gneis*, stedvis *båndet*, for det meste *granodiorittisk til tonalittisk og diorittisk*, i vekslebenkning med, og som ganger, i *amfibolitt*, *glimmergneis* og *kvartsitt*, og eit band av *Glimmerskifer*, *kvartsglimmerskifer* og *fyllitt med kvartslinser*, stedvis *granaatførende* i søre del av holmen (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Høgaste punkt på holmen er 38 moh, og det er hellingar mot alle himmelretningar.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Kystlynghei er dominerande naturtype, med hovudvekt på tørr utforming dominert av røsslyng, og med nokon purpurlyng. Mengda av purpurlyng er ikkje så stor at det er snakk om purpurlyngutforming. Det er også fuktigare utformingar av kystlynghei, og myrdrag som har fattig vegetasjon. Berre myra midt på øya vart undersøkt, og funn av storkransmose (stadfesta av Leif Appelgren) kan kanskje indikere nokon rikare høve. Det vart elles berre funne fattigmyrartar. Strandberga i sona nærmast sjøen blei ikkje nærmare undersøkt, men på grunn av berggrunnshøva kan det vere innslag av rike strandberg her. I bukta i sørvest var det mindre innslag av havstrandvegetasjon.

Artsmangfold: Purpurlyng NT veks i tørre parti særleg i sørhellingar. Pusleblom EN er tidlegare funnen i bergsprekk i strandberg (Artkart, John Inge Johnsen, 2003). I bukta i sørvest vaks det skjoldberar og klourt, siste fåtaleg.

Framande artar: Ein småblaðda mispelart vart funnen i sørhelling i sørvest.

Bruk, tilstand og påverknad: Holmen vert beita av villsau, og på befaringsa i august var det 11 dyr. Det er brend lyng i seinare år, og nokon stader er det fine utformingar av tørr lynghei. Store delar av vegetasjonen er prega av attgroing med einer, gammal røsslyng, spreidte rogn og furutre, og mest rogn. I området i sør er det omfattande spreiling av einstape, truleg etter brenning utan tiltak mot einstape. Tiltak mot einstape er sett i gang i 2014.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beiting med villsau er viktig. Det bør vidare ryddast og brennast meir i parti som er i attgroing. Både einer, rogn, bjørk og furu bør tynnast mykje. Tiltak for å redusere einstape er elles viktig – dette er det inngått avtale med beitebrukar om i 2013. Manuell slått av toppskota fleire gonger per vekstsesong nokre sesongar er naudsynt. Ved brenning må ein følgje opp med tiltak mot einstape. Heilårsbeite utan tilleggforing vil vere den beste skjøtselsforma for å ivareta og restaurere kystlyngheia. Brenning av fleire småfelt kvar vår vil vere gunstig for å sikre god mosaikk og auke andelen sommarbeite nokon.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Holmen har mykje tørr lynghei, med innslag av raudlistearten purpurlyng. Det er varierande hevd, men beitinga med villsau er eit godt utgangspunkt for å ivareta den sterkt truga naturtypen på Holmen. Det er også funnen pusleblom, som er ein sterkt truga art. Ut frå nokon årleg hevd vert det gjeven verdi viktig.



Nr. 60 Vestre Åmøy søraust

Id: NY

Områdenavn: Vestre Åmøy søraust

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming: Fuktig utforming D0401

Verdi: C

Utvaled naturtype:

Areal: 11,8 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013.

Områdeskildring

Innleining: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lite felt med mindre gjødselpåverka fuktbeite søraust på Vestre Åmøy, mellom Skaraberg og Sørestrand. Lokaliteten vart avgrensa med GPS i felt, og grenser er sett mot meir gjødselpåverka vegetasjon i vest og nord, og rekkje med planta edelgran i sør. Strandkantvegetasjonen vidare nordover er ikkje undersøkt. Avgrensinga vert rekna som særskilt god. Det er tjukke strandavsetningar som truleg er vel så viktige som berggrunnshøva her (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Området har ein austleg eksposisjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Fuktig beitemark som truleg har noko gjødselverknad. Vegetasjonen er variert, med hovudvekt på artar som veks i fuktige og fattige miljø. Av artar som kan indikere rikare høve vart jåblom og gulstorr funne fåtaleg. Artar elles som er mengdeartar er englodnegras, ryllsiv, stjernestorr, tepperot, kystmaure, engsoleie, myrtistel, blåknapp og blåkoll.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne sjeldne artar. Klourt veks i strandsona. Andre artar som viser variasjonen i område er knollerteknapp, kystmyrklegg, tettegras, harestorr, krypvier, rome, engfrytle, bustnype sp., beitestorr, krypkvein, stankstorkenebb, tiriltunge, småengkall, smalkjempe, grøftesoleie og myrmjølke. Lokaliteten kan ha gode høve for artar knytt til område med mykje trakk/forstyrra fuktig mark.

Framande artar: Gran og ein variant av edelgran

Bruk, tilstand og påverknad: Området har vorte rydda for einer for ikkje lenge sida, og det ligg haugar med ryddemateriale i område. Lokaliteten grenser til tydeleg gjødselpåverka område, og det kan og vere noko gjødselpåverknad innanfor avgrensinga. Lokaliteten vert truleg beita av storfe eller hest, og det er tydeleg tråkk og beiteverknad.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør ikkje gjødslast, og beite bør halde fram. Grantre bør fjernast. Haugar med rydda materiale bør fjernast eller brennast på staden.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er liten, og det vart ikkje påvist sjeldne artar. Området er ikkje undersøkt for beitemarkssopp, men med mykje trakkpåverknad er potensialet truleg ikkje spesielt stort. Vegetasjonen er likevel variert, og skiljer seg frå gjødsla beitemark. Det er gitt verdi lokalt viktig.



Nr. 61 Vestre Åmøy; Skaraberg aust

Id: NY

Områdenavn: Vestre Åmøy; Skaraberg aust

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: C

Utvold naturtype:

Areal: 6,5 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 28.08.2013.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Lokaliteten er berre delvis undersøkt, og det er truleg at han bør utvidast mot vest. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Beiteområde søraust på Vestre Åmøy, på søraustsida av Skaraberg. Berre austre del av avgrensinga vart undersøkt i august 2013, og området bør undersøkjast nærmere for betre avgrensning. Berggrunnen består i følgje NGU av *Kvartsfeltspatrik gneis, stedvis båndet, for det meste granodiorittisk til tonalittisk og diorittisk, i vekselbenknинг med, og som ganger, i amfibolitt, glimmergneis og kvartsitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Lokaliteten har ein sørleg og søraustleg eksposisjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonen er ei blanding av fuktig lysthei og naturbeitemark, og undersøkt del har mest preg av naturbeitemark. Det er mykje blåtopp og finnskjegg, men meir typiske beitemarksartar som blåknapp, smalkjempe og rylik er og mengdeartar. Det er noko røsslyng og einer. Hårvæve, heistorr, englodnegras, tepperot, kystgriseøyre, bustnype sp., tiriltunge og kystmaure er og artar som kan vekse i begge naturtypane. John Inge Johnsen har tidlegare funne engstorr og blåstorr i området, noko som kan indikere vegetasjonstypen Veksselfuktig, baserik eng (G11). Området lyt undersøkjast nærmere for avgrensing og vurdering av utformingar og verdi.

Artsmangfold: Det vart ikkje registrert sjeldne artar, men området vart berre raskt undersøkt. Det vart funne to artar av beitemarkssopp som ikkje vart bestemte.

Framande artar: Det er noko spreiing av småtre av gran. Lokaliteten grenser og til ei planta rekkje av ein edelgranvariant.

Bruk, tilstand og påverknad: Vegetasjonen ser ut til å vere i god hevd, og det er ikkje spor etter gjødselpåverknad. Området ser ut til å vere beita av storfe.

Skjøtsel og omsyn: Ekstensivt beite utan gjødsling eller tilleggsfording vil vere den beste skjøtselsforma. Grantrær bør fjernast frå lokaliteten.

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Lokaliteten er lite undersøkt og er førebels teken med som ei lokalt viktig naturbeitemark. Nærare undersøkingar kan tilseie høgare verdisetjing.

Nr. 62 Hodnefjellsika vest

Id: NY

Områdenavn: Hodnefjellsika vest

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 245,4 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland og Erik Sten Larsen 22.08.2013. Registreringar frå Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er delvis undersøkt av Rune Søyland og Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Berre søre del av området er undersøkt, og havstrandsvegetasjonen vart i liten grad undersøkt. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Stort område med beitemark og havstrandvegetasjon vest for Hodnefjellsdalen på Mosterøy. Lokaliteten strekkjer seg frå Hodnefjellsdalen til Ballarvika, og omfattar og Kvidemyra og ei mindre sandstrand ved Ballarvika. I austre del er grensa sett mot tydeleg gjødselpåverka deler med bruk av GPS, men avgrensinga er generelt noko grov, til dels basert på ortofoto. Det er mogleg større deler nord for Ballarvika lyt inkluderast. Innanfor avgrensinga er det og felt med gjødselpåverknad i mosaikk med finare vegetasjon. Det er naudsynt med nærmere undersøkingar av lokaliteten, der og avgrensingane vurderast nærmere. Berggrunnen består i følgje NGU av *Glimmergneis*, stedvis *granat*- og *staurolittførende*, med enkelte soner av *amfibolitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er i hovudsak naturbeitemark med innslag av ein del kystlyngheiartar, og havstrandsvegetasjon med strandberg og ei mindre sandstrand. Det er og myrareal som vert beita, så naturtypen beitemyr er aktuell. Det lyt gjerast nærmere undersøkjingar for å klarleggje verdiar og naturtypar. Fine delar av naturbeitemarka har artar som finnskjegg, kystmaure, blåfjør, gulaks, tepperot, augnetrøyst, engkransmose, kystbergknapp, blåklokke, kattefot, blåknapp, arve, hårvæve og kystgriseøyre. Fuktige parti og myr har mellom anna lyssev, knappsev, grøftesoleie, ryllsev, stjernestorr og myrfiol. Varierande innslag av røsslyng.

Artsmangfold: Området vart ikkje godt undersøkt, men av artsfunn kan sylsmåarve og ubestemte vokssoppar nevnast. Det er truleg godt potensial for beitemarkssopp, men tidspunktet var noko tidleg for desse. Området er einaste kjende veksestad for sennegras på Rennesøy, og det er også sandstorr og heifrytle her (pers.medd. John Inge Johnsen). Det er også ein art av blærerot her som ikkje er bestemd (mogleg raudlisteart). Grannsiv (DD) ser ut til å vere funnen i lokaliteten (Artskart, John Inge Johnsen, 2011).

Framande artar: Det vart ikkje registrert framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er beite av storfe og sau i området. Myrområde har ein del inngrep og gjødselpreg, og det er tydeleg gjødselpåverka felt i delar av området generelt. Særleg i hellingar og rundt knausar er det fin naturbeitemarksvegetasjon, medan flater i større grad ser ut til å vere gjødselpåverka. Det er nokre felt med einer men generelt beitemark i god hevd. Det er ein del problemartar som myrtistel og lyssev i parti.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beite er viktig, og det er ynskjeleg med drift utan gjødsling. Det bør gjerast nærmere undersøkjingar for å avklare kor store delar av området ein bør la vere å gjødsle. Myrtistel bør bekjempest.

Heilskapleg landskap: Inngår i eit heilskapleg kystlandskap med steingardar og verna kulturminne, og det er eit større område med kystlynghei nord for området.

Verdigrunngjeving: Det er førebels därleg grunnlag for å verdivurdere området, og særleg bør området sjekkast nærmere for beitemarkssopp. Førebels er området teke med som lokalt viktig.

**Nr. 63 Taravika aust****Id:** NY**Områdenavn:** Taravika aust**Kommune:** Rennesøy**Hovednaturtype:** Havstrand**Naturtype:** Tangvoll G06**Utforming:** Utan etablert vegetasjon G0601 og Fleirårig gras/urtetangvoll G0603**Verdi:** B**Utvad naturtype:****Areal:** 23,5 daa**Undersøkt/kjelder:** Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 22.08.2013.**Områdeskildring**

Innleining: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokaliteten er skild ut frå eksisterande lokalitet med sand- og grusstrand, sidan det her er ein markert tangvoll som skiljer seg ein del frå strandene vestover. Det er også teke med mindre deler med strandeng, rullesteinstrand med lite vegetasjon, fuktig naturbeitemark og nokre små littoralbasseng i avgrensinga. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetting og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Taravika ligg rett nord for Utstein kloster på Klosterøy, Rennesøy. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS og vert rekna som særskilt godt. Grensa er i vest sett mot meir utprega sand- og grusstrand, og er i aust sett slik at nokre mindre littoralbasseng, og område med strandeng og fuktig naturbeitemark som var av dei minst

gjødselpåverka i området, er inkludert i lokaliteten. Det er og teke med noko rullesteinstrand som er tilnærma vegetasjonslaust. Det er tjukke strandavsetningar i området, og sona næraast sjøen er dominert av rullesteinstrand. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Lokaliteten har innslag av fleire naturtypar, som førebels er skildra i ein lokalitet.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Tangvollområdet i sjølve Taravika er det viktigaste naturelementet i lokaliteten, sjølv om det i høve til areal er større deler med vegetasjonslaus rullesteinstrand og gjødselpåverka strandeng og fuktbeitevegetasjon i området. Naturtypen tangvoll er derfor valt, men det er og strandeng, fuktbeite og innslag av den marine naturtypen littoralbasseng (ikkje næraare undersøkt). Det er noko ferskvannstilsig i bukta. I tillegg til naturtypeverdi er området ein viktig viltlokalitet, og det vart mellom anna registrert heilo, enkeltbekkasin, stær og gravand i august 2013. Tangvollen som er vegetasjonsdekt kjem inn under vegetasjonstypen Fleirårig gras-/urtetangvoll av lavurtutforming (V2a). Her er artar som vassarve, gåsemure, strandbalderbrå, saltbendel, klengemaure, skjørbuksurt og tangmelde. Strandenga innanfor har gåsemure, kvitkløver, strandkryp, fjørekoll, raudsvingel, fjøresaulauk, myrsaulauk og sylsmåarve, medan beitemark innanfor i dei finaste partia har finnskjegg, blåklokke, ryllik, følblom og tepperot. Hestehavre og strandrug finst i små parti. Naturtypen sand- og grusstrand inngår og i området.

Artsmangfald: Tiggarsoleie er ein regionalt sjeldan art som veks her. Det vart funne to artar av beitemarksopp som ikkje vart bestemde (truleg mørnevokssopp og honningvokssopp). Tangvollar er svært viktige som beiteområde for fuglar, i tillegg til at dei har ein spesialisert karplanteflora. Området bør undersøkjast næraare for beitemarksopp.

Framande artar: Raudhyll vart registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Beitemarka er tydeleg gjødselpåverka men det er restar av fin vegetasjon spreidd i området. Det ligg ein foringsplass for beitedyr like ved bukta. Området vert beita av sau, og truleg av storfe eller hest i tillegg.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig med framhald i beite, men det er ønskjeleg at den avgrensa lokaliteten vert drifta utan gjødsling. Det er ønskjeleg at foringsplassen vert flytta litt vekk i frå lokalitetsgrensa.

Heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap med mange verdiar.

Verdigrunngjeving: Lokalt må tangvollen reknast som stor, og ut frå denne er området verdisett som viktig. Dei tilgrensande naturtypane som er inkluderte i lokaliteten bør undersøkjast næraare for å vurdere om området kan ha større verdi.



Nr. 64 Taravika

Id: BN00004826

Områdenavn: Taravika

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Havstrand

Naturtype: Sandstrand G04

Utforming:

Verdi: C

Utvad naturtype:

Areal: 10,4 daa

Undersøkt/kjelder:

Områdeskildring

Innleieing: Lokalitet som første gong vart registrert 01.07.1999. Lokaliteten er noko endra i austre del i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Austre del er skild ut som tangvoll og andre naturtypar, medan denne lokaliteten i hovudsak består av naturtypen sandstrand. Lokalitetsskildring frå 1999 er behalden, men området lyt undersøkjast nærmare for avgrensing og verdivurdering. Førebels skildring av Rune Søyland i februar 2014.

Stadfesting og naturgrunnlag:

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Skildring som i 1999: Tangstrand hvor det blir kastet på land tang og tare som gir grobunn for en nitrofil strandvegetasjon med innslag av vassarve (som her opptrer i sitt opprinnelige miljø), tungras, tangmelde, gåsemure, klengemaure, saltbendel (rikelig) og tiggersoleie (regionalt sjeldan). I vest er det rullesteinstrand med stor forekomst av blodstorknebb.

Artsmangfald:

Framande artar:

Bruk, tilstand og påverknad:

Skjøtsel og omsyn:

Heilskapleg landskap:

Verdigrunngjeving: Førebelts teken med som lokalt viktig.

Nr. 65 Fjøløy; Årabrot

Id: NY

Områdenavn: Fjøløy; Årabrot

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming: Fuktig lynghei D0703

Verdi: C

Utvaled naturtype:

Areal: 244,6 daa

Undersøkt/kjelder: Opplysningar frå John Inge Johnsen. Feltregistrering av Rune Søyland 22.08.2013.

Områdeskildring

Innleining: Lokaliteten er undersøkt av Rune Søyland i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Berre nordre del av avgrensinga blei undersøkt på befaringa. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i februar 2014. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjer den nordvestlege delen av Fjøløy på Rennesøy, og er eit større areal med variert kystlynghei, myrdrag og havstrandvegetasjon. Avgrensinga i nordre del er basert på feltarbeid med GPS, medan søre delen er avgrensa etter ortofoto. Avgrensinga er dermed noko usikker, særleg i søre delen. Nokre deler som er kraftig påverka av gjødsling er utelatne frå lokaliteten. Strandberg og havstrandvegetasjon er og berre i nokon grad undersøkt, og det er uvisst kor mykje av den ytste strandsona som bør inngå i lokaliteten. Berggrunnen består i følgje NGU av *Glimmergneis*, stedvis *granat-* og *staurolittførende*, med enkelte soner med *amfibolitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseansk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Nordre del har overvekt av fuktig kystlyng med artar som bjønnskjegg, klokkeling, blåtopp, krypvier, heisev, røsslyng og augnetrøyst, og meir naturbeitemarksprega deler med gulaks, finnskjegg, smalkjempe, blåknapp, tiriltunge, følblom, hårvæve, sauesvingel, geitsvingel og kystmaure. Det er elles myrdrag med duskmyrull, slåttestorr, lyssev og fuktheiartar. Ein større dam i nord har mellom anna sverdlilje, myrhatt, kysttjønnaks og kjempepiggnopp. Strandberga ytst er i stor grad vegetasjonslause, men vart lite undersøkte. Det er uvisst om det er delar her som er rike strandberg. I søre delen ser det frå ortofoto ut til å vere parti med noko attgroing med einer, og utformingar med meir røsslyng. Mindre parti med havstrandvegetasjon som gåsemure og strandkvann vart registrert, men ikkje nærmare undersøkt.

Artsmangfold: Det vart ikkje funne sjeldne artar på befaringa, men området er dårleg undersøkt. Det er truleg godt potensial for sjeldne artar av beitemarksopp. Kjempestorr EN er tidlegare registrert i området (Artskart, John Inge Johnsen, 2011).

Framande artar: Det vart ikkje registrert framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Nordre del ser ut til å ligge brakk utan beiting, men attgroinga er førebels eit lite problem. På ortofoto ser det ut til å vere noko attgroing med einer i søre del av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at lokaliteten vert beita. Ekstensivt beitepress utan gjødsling er den optimale driftsforma. Noko tynning av einer kan vere aktuelt.

Heilskapleg landskap: Dei opne naturtypane utgjer ein viktig del av landskapsbiletet på Fjøløy, saman med ei rekkje kulturspor i landskapet.

Verdigrunngjeving: Det er noko därleg grunnlag for å verdisetje lokaliteten. Førebelser er han teken med som lokalt viktig, men han har truleg høgare verdi. Nærare undersøkingar kan tilseie høgare verdisetjing.



Nr. 66 Fjøløy; Ørnaberget

Id: NY

Områdenavn: Fjøløy; Ørnaberget

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 37,4 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Feltarbeid av Bjarne Oddane 17.08.2011. Opplysningar frå John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart skildra som naturtypelokalitet av Bjarne Oddane i 2011, basert på feltregistrering 17.08.2011. Denne registreringa vart gjort i samband med at kommunen skulle

lage skjøtselsplan for området. I samband med oppdatering av naturtypekartlegging for delar av Rennesøy kommune i 2013 er lokaliteten teken med og er skildra av Rune Søyland i januar 2015. Teksten har berre mindre justeringar i høve til opphavleg tekst frå 2011, og lokalitetsavgrensinga er ikkje justert. Verdisetjing og skildring er etter DN handbok 13, versjon 2 (2007).

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på det nedlagde Fjøløy fort på vestsida av Fjøløy i Rennesøy kommune, Rogaland. Området ligg i ein vestvendt skråning mellom stranda og Ørnaberget. I nord følgjer avgrensinga gjerdet og i sør er grenser lokaliteten mot gjødsla beite. Avgrensinga er gjort på grunnlag av observasjonar i felt og ved hjelp av flyfoto, og avgrensinga vert rekna som særskilt god. Berggrunnen består av *granitt*, *gneis* og *øyegneis* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er sett til kystlynghei (D07) og består for en stor del av røsslyngdominerte knausar, men og meir grasdominerte parti i småsøkk der blåtopp dominerer. Mot sør går vegetasjonen over mot meir naturbeitemarkpreg. Nokre plasser er det en del einer og små parti med ”krattskog” beståande av rogn, rognosal, nype (ubestemt), ørevier og vivendel. Det vart registrert alle dei vanlige ”lyngheiartane” som blant anna røsslyng (m), blåtopp, sauesvingel, klokelyng, blåknapp, tepperot og finnskjegg, men og den raudlista purpurlyngen (NT) vart funnen i mindre mengder og då særleg ved Ørnaberget.

Artsmangfald: Purpurlyng NT og bergsal er registrert av mindre vanlege artar. Av Artskart går det og fram at fleire vanlege artar av beitemarkssopp er registrerte, mellom anna papegøyevokssopp, gul vokssopp, engvokssopp og skjør vokssopp.

Framande artar: Ingen registrerte.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau, men mangel på vinterbeite og tilgang på gjødsla beite gjer at beitetrykket på lyngen kunne vere betre. Det er ein del oppslag av einer.

Skjøtsel og omsyn: Området må beitast og ikkje gjødsla last. Det bør lagast ein skjøtselsplan som blant annet skildrar beitetrykk, fjerning av einer og evt. sviing.

Heilskapleg landskap: Området er ein del av eit større kulturlandskap.

Verdigrunngjeving: Verdien på lokaliteten er sett til B – viktig, sidan det er ein kystlynghei som er i hevd og har noko purpurlyng (NT), men er av avgrensa storleik.



Nr. 67 Fjøløy; Fjøløyvarden

Id: NY

Områdenavn: Fjøløy; Fjøløyvarden

Kommune: Rennesøy

Hovednaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark D04 og Kystlynghei D07

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 67,2 daa

Undersøkt/kjelder: Registreringar i Artskart. Undersøkt ved feltarbeid av Bjarne Oddane 17.08.2011. Opplysningar frå John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiring: Lokaliteten vart skildra som naturtypelokalitet av Bjarne Oddane i 2011, basert på feltregistrering 17.08.2011. Denne registreringa vart gjort i samband med at kommunen skulle lage skjøtselsplan for området. I samband med oppdatering av naturtypekartlegging for delar av Rennesøy kommune i 2013 er lokaliteten teken med og er skildra av Rune Søyland i januar 2015. Teksten har berre mindre justeringar i høve til opphavleg tekst frå 2011, og lokalitetsavgrensinga er ikkje justert. Verdien er auka frå B til A sidan det er gjort funn av fleire raudlisteartar sidan 2011.

Stadfesting og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på det nedlagde Fjøløy fort på vestsida av Fjøløy i Rennesøy kommune, Rogaland. Lokaliteten strekkjer seg som eit belte frå nord ved Vindhaugneset (det gamle steinbrotet) og sør austover langs svaberga til Paradisbukta og vidare nord austover opp Fjøløyvarden. Avgrensinga følgjer gjerdet som gjerder inne det gamle militærrområdet, gjødsla beitemark og svaberg. Avgrensinga er ein del av eit større kystlyngheimråde som truleg fortset austover, men i dette notatet er grensa sett ved gjerdet

(undersøkelsesområdet) og ikkje den naturlege avgrensinga for denne naturtypen. Avgrensinga er gjort på grunnlag av observasjonar i felt og ved hjelp av flyfoto, og avgrensinga er vurdert til betre en 10 meter for avgrensa del. Berggrunnen består av *granitt*, *gneis* og *øyegneis* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild undersekjon (Bn-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er sett til naturbeitemark (D04) og kystlynghei (D07). Store delar av Fjøløy fort består av gjødsla beitemark, men områda innanfor avgrensinga er ikkje gjødsla eller har lite preg av gjødsling. I den sør- og søraustvendte skråninga ned av Fjøløyvarden består vegetasjonen for ein stor del av kystlynghei dominert av røsslyng, men med innslag av purpurlyng (NT). Nokre stader er det mykje einer. Det er og kystlynghei i eit belte mellom svaberget og naturbeitemarka i området mellom Paradisbukta og steinuttaket, med røsslyng og lågvaksen einer på berget og meir blåtoppdominans i senkingar i terrenget. I ei rand rundt kanten av Fjøløyvarden samt mellom kystlyngheia og de gjødsla partia finst det naturbeitemark som for det meste kan førast til frisk fattigeng (G4) med arter som blant anna svingel, gulaks, smalkjempe, blåklokke, tepperot, kvitkløver, ryllik, tiriltunge og kystmaure. I og rundt det gamle steinbrotet er det beita strandengvegetasjon med smådammer og berg i fin mosaikk. Vegetasjonen her kjem inn under naturtypen Strandeng, og kunne vore skild ut som eigen lokalitet.

Artsmangfald: Forutan dei vanlege artane tilhøyrande naturtypane naturbeitemark og kystlynghei kan purpurlyng (NT), kantarellvokssopp og kjeglevokssopp nevnes. I strandenga er det registrert ei rekke mindre vanlege arter som bogestorr, villin og småknopparve. Ved en dam veks det dunkjevle som einaste lokalitet på Rennesøy. I bergveggen under Fjøløyvarden veks det blant anna blankburkne og murburkne. Ved eit kurs i beitemarkssopp arrangert av Jærsoppen i september 2014 vart raudlistearten sitronskivevokssopp (EN) funnen i lokaliteten. Pulseblom (EN) og grannsiv (DD) er tidlegare funne i området. Grannsiv vart funnen utanfor avgrensa lokalitet. Tungekurlemose (DD) er funnen i 2012.

Framande artar: Ribbesåtemose og tunbendel er funne i lokaliteten. Sprikemispel er funne litt lenger nord, men kan truleg finnast i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert beita av sau, men beitetrykket kunne vore høgare. Det er noko oppslag av einer. Tilgrensande område vert gjødsla.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i beitebruk utan gjødsling er naudsynt. Det bør heller ikkje gjødslast i området rundt då dette kan føre til indirekte gjødsling av naturbeitemarka i form av avrenning og i form av husdyrgjødsel. Det bør lagast ein skjøtselsplan som blant anna skildrar beitetrykk, fjerning av einer, brenning og anna.

Heilskapleg landskap: Området er ein del av eit større kulturlandskap.

Verdigrunngjeving: Ut frå funn av to raudlisteartar i kategori sterkt trua er lokaliteten gitt verdi svært viktig. Det er elles innslag av fleire naturtypar og varierande arts mangfald, og fleire raudlista artar.

